

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2100 - 21/5190

Saksbehandlar:
Anders Gulowsen
anders.gulowsen@osteroy.kommune.no

Dato:
18.03.2021

Kunngjering - Høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030

HØYRING OG OFF. ETTERSYN AV KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2020-2030

Heradsstyret har i sak 006/21 vedteke å leggje ut kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2030 på 1. gongs høyring og offentleg ettersyn i 6 veker, jf. PBL § 11-14

FRAMLEGG TIL PLAN

Planen som no ligg føre er ein omarbeidd og utvida versjon av planen frå 2019 der alle endringsframlegg frå sak 021/19 er bakt inn i planen saman med innspel frå politikarsamlinga og faglege innspel frå sektorane. FN sine berekraftsmål, saman med folkehelse, klimaomsyn, samfunnstryggleik og samskaping utgjør dei overordna rammene for planen. Målstrukturen er endra slik at alle mål er knytt opp mot ein av dei tre overordna berekraftsmåla knytt til miljømessig, sosial og økonomisk berekraft:

- Mål 1: Målretta miljø og klimapolitikk
- Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn, og
- Mål 3: Framtidsretta og mangfaldig næringsliv.

For samfunnsdelen 2020-2030 vil økonomiplanen, til anna vert vedteke, utgjere handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Merknader og innspel kan sendast til post@osteroy.kommune.no, eller pr brev til Osterøy kommune, Postboks 1, 5293 Lonevåg. Merk sendinga «samfunnsdelen».

Har du spørsmål kan du ta kontakt med:
Plansjef Pelle Engesæter pelle.engeseter@osteroy.kommune.no

Merknadsfrist er sett til 30 april 2021.

Med helsing

Anders Gulowsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Kommuneplanen sin samfunnsdel_HS-vedtak240221